



**DET KONGELEGE
KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENT**

Statsråden

Energi og miljøkomiteen
Stortinget
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref
21/1251-

Dato
26. april 2021

Representantforslag 229 S (2020-2021) om auka lokale ringverknadar av verneområda og Noregs nasjonalparker

Eg viser til brev 19. april 2021 frå Stortingets energi- og miljøkomite om representantforslag frå stortingsrepresentantane Siv Mossleth, Kari Anne Bøkestad Andreassen, Bengt Fasteraune, Ole André Myhrvold og Sandra Borch om auka lokale ringverknadar av verneområda og Noregs nasjonalparker.

Våren 2019 la regjeringa fram ein handlingsplan for styrka forvaltning av verneområda. I planen skriv regjeringa mellom anna :

"Regjeringen legger til grunn at en vernepolitikk som gjennom bruk både bygger opp under verneverdiene og gir grunnlag for verdiskaping, er et viktig virkemiddel i norsk naturforvaltning. Verneområdene representerer store naturverdier som, når de forvaltes i et generasjonsperspektiv og i tråd med verneformålet, er et viktig grunnlag for langsiktig, lokal og naturbasert verdiskaping. Særlig nasjonalparkene og de store landskapsvernområdene utgjør et grunnlag for utvikling av naturbasert reiseliv. Ordningen med lokal forvaltning bidrar til at kommunene kan se forvaltning av verneområdene i sammenheng med kommunens øvrige arealforvaltning etter plan- og bygningsloven og legge til rette for naturbasert reiseliv i og i tilknytning til verneområdene."

I handlingsplanen legg regjeringa opp til å gjere nettopp det representantane tek til orde for i forslaget. Det går mellom anna fram av planen at regjeringa vil

- tilsette fleire nasjonalpark- og verneområdeforvaltarar
- legge til rette for at det blir laga besøksstrategiar for alle nasjonalparkane

- fortsette utviklinga av besøkssenter som viktige formidlarar om norsk natur og vegvisarar ut i dei store verneområda
- bidra til at besøkssentera blir gode møteplassar for samarbeid mellom frivillige organisasjonar, næringsliv og offentlig forvaltning
- oppmøde verneområdestyra og omkringliggande kommunar til å samarbeide om etablering av gode heilskaplege opplevingar, spesielt i nasjonalparkkommunar
- vidareføre verdiskapingsprogrammet for villrein fjella.

Regjeringa har satt av midlar til å tilsette sju nye verneområdeforvaltarar, og har sikra midlar til meir naturoppsyn. Så langt som mogleg får desse forvaltarane arbeidsplass i miljø saman med naturoppsyn, besøkssenter og andre personar med liknande oppgåver. Slike forvaltningsknutepunkt gir god informasjonsflyt og samarbeid og arbeidsplassar i distrikta.

Midlane til konkrete forvaltningstiltak i verneområda er auka med nesten 40 prosent i regjeringsperioden – frå 65,7 mill. kroner i 2013 til 90,4 mill. kroner i 2021. Dette gir grunnlag for meir lokal verdiskaping. Eit konkret eksempel på bruk av slike midlar er tilrettelegginga på Sognefjellet for å kunne oppleve Jotunheimen nasjonalpark på ein enkel måte.

Eg vil også trekke fram arbeidet med ny felles merkevare- og kommunikasjonsstrategi for Noregs nasjonalparkar. Merkevara Norges nasjonalparkar skal samle alle verneområde, besøkssenter, nasjonalparklandsbyar og -kommunar under ein felles visuell identitet. Miljødirektoratet har utvikla ein designmanual som gir råd og rettleiing om bruk av merkevara. Merkevara skal legge til rette for å få fleire besøkande inn i nasjonalparkane, der naturen toler det. Merkevara skal også bidra til tettare samarbeid mellom forvaltningsstyresmaktane, kommunane, reiselivsnæringa og friluftslivsorganisasjonane. Det blir stilt høge krav til kvalitet, og krava er like for alle aktørar. Merkevara er fleksibel, men alt skal være einskapleg med tanke på til dømes design, språk og kart. Eit verneområde skal ha ein besøksstrategi før merkevara kan bli innført i det aktuelle området.

Det bringar meg over til innsatsen med å lage besøksstrategiar. Gode og gjennomtenkte besøksstrategiar er viktige både for ivaretaking av verneverdiane og for moglegeheita til berekraftig verdiskaping i lokalsamfunna. Besøksstrategiane skal bidra til at verneverdiane blir tekne vare på i samsvar med verneformålet, og bidra til at nasjonalparkane og andre verna område blir attraktive besøksmål, gir enda betre opplevingar for dei besøkande og auka verdiskaping for lokalt nærings- og reiseliv. Målet er høg kvalitet i alle ledd. Arbeidet med å lage besøksstrategiar er godt i gang. Mange verneområdestyre har laga slike strategiar, og fleire er på trappene.

Vi fortset satsinga på besøkssenter for nasjonalparkane og har gitt midlar til tre nye nasjonalparksenter. Miljødirektoratet har nyleg autorisert to nye senter for Raet og Lofotodden. I tillegg er det i gang ein prosess med autorisering av senter for Jomfruland. Alle senter som er autorisert får eit årleg grunntilskot på i overkant av 1 mill. kr kvar, og dette beløpet er styrka i perioden under denne regjeringa. Vi har i dag 17 autoriserte besøkssenter for nasjonalpark.

Det er eit mål for regjeringa å bidra til at foreininga Norges nasjonalparkkommunar får rammeføresetnader som gjer at dei kan hjelpe medlemane med å implementere merkevara Noregs nasjonalparkar. Seinast i årets budsjett har regjeringa dobla grunntilskottet til foreininga Norges nasjonalparkkommuner.

Programmet "Villrein fjellet som verdiskaper" har som formål å stimulere til brei verdiskaping knytt til dei ti nasjonale villreinområda, særleg retta inn mot ulike delar av reiselivet. Den økonomiske ramma for tilskott gjennom ordninga har auka frå ca. 5 mill. kr årleg for perioden 2017-2019, til 8 mill. kr årleg frå 2020.

Det eg her har nemnd viser at regjeringa allereie har ein god plan for å styrke lokale fagmiljø og lokalsamfunn, besøkssenter, nasjonalparkkommunar og naturarven som verdiskapar, og at regjeringa er godt i gang med å gjennomføre planen. Eg ser ikkje at det er behov for ei ny bestilling frå Stortinget om det same.

Med helsing



Sveinung Rotevatn